



Absolutt Form - Rolf Hermansen  
Bredsgården 2  
5003 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1587 - 19/20446

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

03.10.2019

## Godkjenning- igangsettingsløyve for delar av tiltaket -grunn-og terrengarbeid, utsleppsløyve tilkopling til vatn driftsbygget- gbnr 57/8 Sætre

**Administrativt vedtak. Saknr: 228/2019**

**Tiltakshavar:** Tveit gård

**Ansvarleg søkjar:** Absolutt Form - Rolf Hermansen

**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting for vasstilkopling, utsleppsløyve via minireinseanlegg, grunn- og terrengarbeid i tilknytning til oppføring av nytt driftsbygg på gbnr 57/8 Sætre.

Kommunen har i vedtak av 12.08.19 gjeve rammeløyve til tiltaket i sak DS 176/2019. Seinare den 23.08.19 i sak DS 185/2019 har kommune gjeve igangsetting for riving av driftsbygget.

Det ble tidligare søkt om riving av driftsbygning og oppføring av ny driftsbygning med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 648 m<sup>2</sup> og bygd areal (BYA) ca. 324 m<sup>2</sup>. Utnyttingsgrad er opplyst til 0,3 % BYA. Eksisterande driftsbygning står til nedfalls og kan ikkje tene føremålet som ny drift medrekna. Ny driftsbygning er tilpassa gardsdrift med grønsaka, frukt, bær og honningproduksjon.

Det vert elles vist til søknad motteken 24.09.19 og tilleggsopplysningar motteke 03.10.19.

Søknad om tilkopling til kommunalt vatn og utsleppsløyve er motteke 03.10.19.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett og klar for handsaming den 24.09.19.

Trong for opplysningar vart meldt til søkjar den 01.10.19. opplysningar vart motteke 03.10.19.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

## Planstatus

Eigedomen har areal på ca. 177.334 m<sup>2</sup> og ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål (landbruks-, natur- og friluftsområde). Tiltaket er i samsvar med kommuneplanen si arealdel.

## VURDERING

### Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1. Søkjar har sendt inn oppdatert gjennomføringsplan versjon 3 den 3.10.19 kor ansvarsrettar for alle områder er fordelt.

## VEDTAK:

«Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 e), jf. § 21-2, 5.ledd gjev Meland kommune løyve til igangsetting av del av tiltaket – grunn-terrengarbeid, plassering av VA-leidningar- på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast i samsvar med situasjonsplan motteke 03.10.19.
- Vidare arbeid med driftsbygget skal skje etter godkjenning av neste delsknad- søknad om igangsetting for arbeid over grunnmur.
- Tiltaket har krav til avfallsplan for både riving og nybygg etter byggtknisk forskrift § 9-6. Dokumentasjon må sendast inn ved søknad om ferdigattest.

Meland kommune godkjenner vidare at driftsbygget på gbnr 57/8 vert tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad motteke 03.10.19 og på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" - Kommuneforlaget.
- Tilknyttinga skal skje i kum. Utførande røyrleggjar skal ta kontakt med Drift avd. i kommunen for påvising av kum før tilknyttinga er utført.
- Det **skal installerast vassmål**ar i bygget og det må gjevast melding til kommunen om målarnummer.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2019 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- pluss mva.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og Plan- og bygningslova, og etter delegert fullmakt frå rådmannen.

Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5, utsleppsløyve frå driftsbygg på gbnr 57/8 på Sætre, i samsvar med søknad motteke 03.10.19 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng på eigedom gbnr 57/8.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.

*Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 a) vert det gjeve løyve til etablering av minireinseanlegg på gbnr 57/8 Sætre i samsvar med søknad, motteke 03.10.19. Anlegget skal plasserast som vist på situasjonsplan motteke 03.10.19, jf plan- og bygningslova § 29-4.»*

\*\*\*\*\*

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/1587

### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

### **Ferdigstilling**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om sanitærabonnement med samsvarserklæring, erklæring om ansvarsrett og situasjonskart

Tilleggsopplysninger

Søknad om igangsettingstillatelse

A3\_Rapport innmålt grunnlag plassering ny driftsbygning gbnr 57-8 (Sætreviksvegen63)

A3\_Situasjonsplan ny driftsbygning gbnr 57-8 (Sætreviksvegen63)

02 Planer

03 Snitt

04 Fasader

Ansvarsrett Aarhus

Erklæring RIB GEOT

**Kopi til:**

Tveit Gård	c/o Ørjan Tveit	5917	ROSSLAND
	Sætrevikvegen 63		
Ørjan Tveit	Elsters Gate 3	5059	BERGEN

**Mottakarar:**

Absolutt Form - Rolf Hermansen	Bredsgården 2	5003	BERGEN
--------------------------------	---------------	------	--------